
Fra: Nina Bakanova
Sendt: 10. juni 2014 12:36
Til: 'Magnus Helgesen'
Kopi: 'sverre-nesse@hotmail.com'; 'sten-vvs@online.no'
Emne: SV: sak 14/2474 Gbnr 177/21 utslepp

Det vert vist til Dykkar e-post av 06.06.2014 og 01.04.2014 og vårt mangel brev av 17.03.2014.

Det er opplyst i søknaden at det skal etablerast felles reinseanlegg for avlaup på Gbnr 177/6. I vårt mangel brev av 17.03.2014 bad vi om utgreiing av forholda sidan det er søkt verken etablering av felles reinseanlegg eller oppgradering av eksisterande anlegg.

I Dykkar e-post av 01.04.2014 skriver De at spørsmåla vedr. utslepp vert svara opp av Stendal VVS. Det kom ikkje utgreiing av forholda frå Stendal VVS og fleire punkt i utslepssøknad er framleis uklare:

1. I søknaden av 13.12.2013 er det søkt utslepp for 1 bustad på Gbnr 177/21. Det skal sendast inn enten ein ny søknad for 2 bustader (Gbnr 177/6 og Gbnr 177/21) eller det må stadfestast at utsleppsanlegg på Gbnr 177/6 har kapasitet for 2 bustader. Det kan også sendast inn søknad om oppgradering av eksisterande utsleppsanlegg.
2. I følgje punkt 7 bokstav f i søknadsskjema må det sendast inn oversikt over kven som er varslet om planlagt utslepp, samt kvitteringar som visar at varsel er sendt. (nabovarsel)
3. Det må sendast inn situasjonsplan som viser leidningar frå avlaupsanlegg til utsleppspunkt (bekk som det er opplyst i søknaden).

Vi gjer merksam på at byggearbeid kan ikkje setjast i gang før det vert gitt utsleppsløyve og løyve til etablering av renseanlegg.

Med helsing

Nina Bakanova
Sekretær
Byggesak
Lindås kommune

Fra: Magnus Helgesen [<mailto:MagnusH@boligpartner.no>]
Sendt: 6. juni 2014 08:51
Til: Nina Bakanova
Emne: SV: sak 14/2474 Gbnr 177/21 utslepp

Hei!

Søknad om utslepp er innsendt saman med byggesøknad.
Sender deg en kopi dersom du ikke finner søknad.
Alle vedlegg fra rørlegger var innsendt samtidig, og Kari har mottatt komplett det som skal til TD.

Med vennlig hilsen
Magnus Helgesen
Daglig leder, Majo eigedom as
Boligpartner
Mob 977 09 118
magnus.helgesen@boligpartner.no
www.majo.no

Fra: Nina Bakanova [<mailto:Nina.Bakanova@lindas.kommune.no>]
Sendt: 5. juni 2014 13:23
Til: Magnus Helgesen
Kopi: sten-vvs@online.no
Emne: sak 14/2474 Gbnr 177/21 utslepp

Det vert vist til sak 14/2474 som gjeld etablering av bustad på gbnr 177/21. Det er gjeve dispensasjon og løyve til tiltak for etablering av bustad, men byggearbeid kan ikkje setjast i gang før alle naudsynt dokumentasjon er på plass. I løyve er det opplyst at utsleppssøknad vert handsama i egen sak. Etter samtale med Kari lo (Teknisk drift) fekk vi vite at søknad om utslepp ikkje er sendt inn.

Vi gjer merksam på at det må sendast inn til kommune søknad om utslepp, og det må gjevast utsleppsløyve og løyve til etablering av renseanlegg før byggearbeid vert sett i gang.

Med helsing

Nina Bakanova
Sekretær
Byggesak
Lindås kommune